

Marin satsing 2023

Regionale forskningsfond vidareførar marin sating til hausten. Søknader som vart innleverte innan 10. oktober vil bli behandla på styremøte i slutten av november.

PUBLISERT 22. JUN. 2023 OPPDATERT 30. NOV. 2023



Foto: Morten Wanvik

Haustens marine utlysing er tematisk lik utlysinga vi hadde tidlegare i år. Utlysinga er tematisk avgrensa til prosjekt som kan bidra til å løyse typiske vestnorske problemstillingar som marin næring opplever.

Utlysinga er retta mot bedrifter.

Tema er:

1. Teknologi- og produksjonsutfordringar i oppdrett

- Lus, fiskejukdomar, samt eit høgt tal fisk som dør før slakting, er eit særleg stort problem for lakseoppdrett i Vestland fylke. Vi treng ny kunnskap om korleis vi kan redusere dødelegheit og betre fiskevelferda gjennom optimalisering av ulike produksjonsmetodar.
- Det er framleis behov for forskning kring løysingar knytt til lakselus og oppdrettslaksen sin negative påverknad på vill laks.
- Vi treng også kunnskap om korleis vi kan løyse utfordringar knytt til produksjon av aure, torsk og utvikling av tare som oppdrettsartar.
- Vidare er det behov for forskning som legg til rette for betre bruk av industridata & digitalisering for å møte teknologi- og produksjons-utfordringar i oppdrettsnæringa.

2. Ei sirkulær oppdrettsnæring i Vestland

- Slam frå fiskeoppdrett er ein ressurs som vert nytta i for liten grad. Slikt slam har i mange tilfelle eit høgt næringsinnhold og ei rekke potensielle bruksområde. Vi treng ny kunnskap som bidrar til høgare bruksgrad av slam frå fiskeoppdrett.
- I fiskeoppdrett vert det nytta ulike typar plast, særleg i den sjøbaserte matfisk-fasen. Det er behov for forskning som kan bidra til redusert mengde plast på avvege. Det er også behov for ny kunnskap om korleis auke levetida på plast komponentar, moglegheiter for reparasjon, gjenbruk og forbetra teknologi for gjenvinning av materiale.

3. Meir berekraftig fiskefôr

- Det er mange utfordringar knytt til produksjon av meir berekraftig fôr til oppdrettsfisk. Til dømes er heile 2/3 av klimautsleppa frå fiskeoppdrett knytt til produksjon og transport av fiskefôr. Dette heng mellom anna saman med at berre 1/10 av råvarene har norsk opphav. Det er behov for forskning som gir ny kunnskap om korleis ein kan utnytte norsk råstoff til fiskefôr på ein betre måte. Særleg er det ønskjeleg med forskning som rettar seg mot produksjon, teknologi og biologi knytt til råvarer som blåskjel, tunikatar, makroalgar, insekt, gras, mikroalgar, sopp, bakteriar, krill, mesopelagisk fisk og raudåte, osb. – samt bi-produkt frå fiskeri, havbruk, og landbruk.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 20. mai 2026, kl. 23.51 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.